



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/511 - 19/16184

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
22.05.2019

Oversending av vedtak om dispensasjon og arealoverføring til klagevurdering - gbnr 99/2 Våge

Eigedom: Gbnr 99/2 og gbnr 99/31
Adresse: Fjellangersvingane 10 (eigedomen som arealet skal overførast til)
Tiltakshavar/eigar: Frode Bakke ved Blich og Skylstad AS (gbnr 99/2) og Aizoon AS (gbnr 99/31)

Tiltaket

Saka gjeld søknad om overføring av eit areal på om lag 2 950 m² frå gbnr 99/2 til gbnr 99/31 slik det går fram av søknad journalført mottatt 21.02.2019. Det omsøkte arealet skal nyttast til næring slik det går fram av gjeldande plan.

Planstatus

Tiltaket ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden sin arealdel dels er definert som næringsføremål (N2) og dels er avsett til LNF-føremål.

På del av omsøkt areal som er avsett til LNF-føremål, er det etablert reinseanlegg for gbnr 99/27 og 99/31. Kommunen vurderer frådelinga til å koma inn under reglane for uendra bruk. Det vert lagt til grunn at bruken av arealet er lovleg etablert og at frådelinga ikkje medfører endring av den etablerte bruken.

Tiltak i næringsområda er omfatta av det generelle kravet om utarbeiding av reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve kan godkjennast, jf. føresegn 1.1 til planen. Byggjegrensa mot sjø er samanfallande med arealføremålgrensa for næring. Del av det omsøkte arealet som ligg innanfor LNF-føremålet vert råka av det generelle byggjeforbodet i strandsona, jf. pbl § 1-8. Den omsøkte arealoverføringa krev følgjeleg at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå plankravet og plan- og bygningslova § 1-8.


Nabovarsel og høyring

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.


Søknaden har vore send på høyring til Fylkesmannen i Vestland, Hordaland fylkeskommune, Lindås kommune si landbruksavdeling og planavdeling. Landbruksavdelinga har gjeve uttale.



Situasjonskart



Plankart



Politisk handsaming

Saka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 15.05.2019, der følgjande vedtak vart fatta:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plankravet, jf føresegn 1.1 i kommunedelplanen, og plan- og bygningslova § 1-8 for overføring av eit areal på ca. 2 950 m² frå gbnr 99/2 til 99/31 slik det er søkt om.

Med heimel i plan- og bygningslova § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m, 20-2 og 20-4, bokstav d vert det gjeve løyve til arealoverføring av ca. 2 950 m² frå gbnr 99/2 til 99/31 i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

- Areal som skal overførast går fram av situasjonsplan datert 04.10.2018, jf. pbl. § 29-4.

Nøyaktig storleik på areal vert klarlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl § 21-9. «

Saksutgreiing med vedlegg følgjer vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Anne Lise Molvik på e-post anne.lise.molvik@lindas.kommune.no eller på telefon 56 37 56 40.

Dokumenta i saka finn ein også [her](#).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon og løyve til arealoverføring - gbnr 99/2 og 99/31 Våge

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - gbnr 99/2 Våge

Redegjørelse

Nabovarsel

Situasjonskart

Fullmakt

Landbruksfagleg uttale til søknad om arealoverføring på gbnr 992 Våge

Kopi til:

Blich & Skylstad - Arkitektur og

Torgallmenningen 1A 5014

BERGEN

Rettshjelp AS

Frode Bakke

Fjellangersvingane 18 5955

LINDÅS

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2 6863

LEIKANGER